



---

## Notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Arthur Kleiveland

Vår referanse: 15/2231 - 48 / FE - 000

Dato: 16.06.2017

---

**Emne: Spørsmål og svar i Spørjetimen i kommunestyret 15. juni 2017**

## Spørjetimen i KS 15. juni 2017

### Spørsmål frå Bjørn Ove Myking

Kva tankar har Radøy kommune om namna som for eksempel i det interkommunale samarbeidet som i dag heiter "Region Nordhordland " m.fl. når "Region Vestlandet" (ref stortingsvedtak) ser dagens lys den 1/1-2020 og "Hordaland fylke " og samstundes Nordhordland er historie ?

### Svar:

Ordføraren meiner Bjørn Ove Myking stiller eit viktig spørsmål. Det korte svaret er at dette er ein tematikk som både fellesnemnda vår og alle dei andre kommunane i Nordhordland må drøfta og konkludera med i åra som kjem.

Ordføraren vil elles tillata seg å meina at namnet Region Vestlandet for eit nytt fylke mellom Hordaland og Sogn og Fjordane ikkje er det beste namnevalet. Elles vil nok me menneske likevel ha behov for å definera geografiske område også framover, så eg trur at ei slags felels oppfatning av både Nordhordland, Sunnhordland, Hardanger og Hordaland vil leva vidare. Men, i interkommunal samanheng bør me jobba med definisjonane lokalt.

### Spørsmål frå Normann Sæbø, Radøy Høgre

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Kommunestyre / ordfører

Eg ser i lokalmedia at både Meland og Lindås legg opp til store investeringar i skular, fleirbrukshallar og annan kommunal infrastruktur. Forstår det slik at mesteparten av dette er lånefinansiert og vil belasta økonomien lenge i den nye kommunen.

**Spørsmål 1.** Kan økonomisjefen gje ei orientering om dette og kva konsekvensar det vil ha på økonomien i den nye kommunen. Har ein ei oversikt over den totale lånebelastninga om dei planane som er foreslått vert gjennomført inn i ein ny kommune.

**Spørsmål 2.** Kva tenkjer kommunestyret i Radøy om det me ser heldt på å skje i Meland og Lindås.

**Spørsmål 3.** Kva tenkjer ordføreren om det.

**Spørsmål 4.** Burde investeringane som vert planlagt og vedtatt i perioden frå ein har vedtatt samanslåing og til nytt kommunestyre er på plass. Ligg det inne noko styringsmuligheiter frå fylkesmannen?

**SVAR Spørsmål 1.** Kan økonomisjefen gje ei orientering om dette og kva konsekvensar det vil ha på økonomien i den nye kommunen. Har ein ei oversikt over den totale lånebelastninga om dei planane som er foreslått vert gjennomført inn i ein ny kommune.

**Svar:** Det er råd å ta ut KOSTRA-tal, men at lånebelastninga berre er ein del av den økonomiske oversikta. Kvar kommune har sjølv sagt sine oversikter, og dette vil Fellesnemnda for den nye kommunen få å jobba med frå hausten, då Fellesnemnda gradvis overtek ansvaret for økonomi- og budsjettansvar for den nye kommunen.

**SVAR Spørsmål 2.** Kva tenkjer kommunestyret i Radøy om det me ser heldt på å skje i Meland og Lindås?

Kommunestyret i Radøy bør tenkja at alle kommunar sine kommunestyre fattar sine vedtak etter definerte behov, lovkrav, og spesielt kommunelov og økonomiske rammer.

**SVAR spørsmål 3.** Kva tenkjer ordføreren om det.

Ordføreren viser til svaret i spm 2.

Men, ordføreren minner om forteljningane om at før Radøy kommune vart til, så var det debattar om at Hordabø kommune investerte tungt i gamleheimen på Bø, Manger kommune i rådhus, og Sæbø kommune hadde pengar på bok, og ordføreren der inne sa til sine kommunestyremedlemmer «at me får samla oss og ga på nord med me syng Her kjem me dine arme små». Alt vart vel likevel til eit gode for Radøy kommune.

**SVAR spørsmål 4.** Burde investeringane som vert planlagt og vedtatt i perioden frå ein har vedtatt samanslåing og til nytt kommunestyre er på plass. Ligg det inne noko

styringsmuligheter frå fylkesmann?

Førre veke vedtok Stortinget at Lindås, Meland og Radøy kommunar skal verta ein kommune frå 2020, og neste veke startar me arbeidet i tråd med inndelingslova. Dette medfører at frå og med budsjett- og økonomiplanarbeidet til hausten kan og skal me samordna oss.

## Spørsmål frå Leif Taule, Radøy SP

### **Radøy ungdomsskule og spesialundervisning**

Kor mange timar med spesialundervisning etter særskilde vedtak, er det tildelt ved Radøy ungdomsskule for skuleåret 2017/18?

Korleis er situasjonen ved Radøy ungdomsskule når det gjeld spesialpedagogisk utdanning blant undervisningspersonalet?

Vert dette vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta på ein god måte, undervisninga for dei elevane som har vedtak om spesialundervisning?

Elevar med vedtak om spesialundervisning skal også få ein individuell opplæringsplan. Korleis vert dette i praksis følgt opp ved Radøy ungdomsskule og kven har det daglege ansvaret for dette?

Korleis skal foreldre/føresette gå fram dersom dei meiner at dette ikkje vert følgt opp på ein tilfredsstillande måte?

Retten til spesialundervisning omfattar også rett til spesialutstyr dersom eleven treng det for å gjennomføre opplæringa.

Kven gjer vurderingane kring dette?

Kan det seiast noko om kva rutiner som gjeld kring det å ikkje gje karakter i eit eller fleire fag?

Kva konsekvensar får eventuelt mangel av karakterar i fag for opptak på vidaregåande skule?

## **Svar:**

### **Kor mange timar med spesialundervisning etter særskilde vedtak, er det tildelt ved Radøy ungdomsskule for skuleåret 2017/18?**

Timar tildelt for skuleåret 17/18 er ikkje klart endå då vi avventar sakkundige vurderingar frå ppt. Sakkundige vurderingar frå ppt danner grunnlaget for vedtak om spesialundervisning og tildeling av timar.

Men vi kan sei noko om tala for skuleåret 16/17: 2009 av 10402 årstimar vart nytta til spesialundervisning av undervisningspersonale. Dette utgjer 19.3 %. I tillegg kjem bruk av assistentar.

Når det gjeld lærartimar gitt til spesialundervisning samanlikna med andre ungdomsskular har til dømes Knarvik ungdomsskule 15,6 %. Ostereidet ungdomsskule har 12,8 %, Rossland skule har 13%, Meland ungdomsskule har 16 % og Radøy ungdomsskule som sagt 19,3%.

### **Korleis er situasjonen ved Radøy ungdomsskule når det gjeld spesialpedagogisk utdanning blant undervisningspersonalet?**

Alle pedagoger med godkjent utdanning har spesialpedagogikk som ein del av utdanninga si. I tillegg har meir enn 25 % av personalet tilleggsutdanning i spesialpedagogikk. Samstundes vil vi sei at det ikkje er eit krav om spesialpedagogisk utdanning for å ha spesialundervisning, men det er eit krav om fagkompetanse i faga ein underviser i.

### **Vert dette vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta på ein god måte, undervisninga for dei elevane som har vedtak om spesialundervisning?**

Dette vurderer ungdomsskulen som tilstrekkelig for å ivarta undervisninga for dei elevane som har vedtak om spesialundervisning på ein god måte.

### **Elevane med vedtak om spesialundervisning skal også få ein individuell opplæringsplan. Korleis vert dette i praksis følgt opp ved Radøy ungdomsskule og kven har det daglege ansvaret for dette?**

Alle elevane som har vedtak om spesialundervisning får ein individuell opplæringsplan. Denne vert utarbeida av spespedkoordinator, kontaktlærer og faglærer i samarbeid med heimen, og tar utgangspunkt i den sakkundige vurderinga frå ppt og vedtaket som skulen fattar. Individuell opplæringsplan er arbeidsverktøyet som danner grunnlaget for spesialundervisninga. Lærarar og assistentar ved skulen set seg inn i denne, og det er jamnlege møter internt på skulen mellom dei vaksne som har eleven, og møter saman med føresett, ppt og eventuelle andre instansar. Det er leiinga ved skulen som har det overordna ansvaret.

### **Korleis skal foreldre/føresette gå fram dersom dei meiner at dette ikkje vert følgt opp på ein tilfredsstillande måte?**

Om føresette ikkje er nøgd med opplæringa eleven får, kan dei klage til skulen på innhaldet, gjennomføringa og/eller organiseringa av spesialundervisninga.

### **Retten til spesialundervisning omfattar også rett til spesialutstyr dersom eleven treng det for å gjennomføre opplæringa. Kven gjer vurderingane kring dette?**

Når det gjeld spesialutstyr er det ppt og eventuelt andre faginstansar (Statped, syns- og audiopedagogisk senter, BUP med fleire) som gjer desse vurderingane. Noko av utstyret har eleven rett på gjennom hjelpemiddelsentralen (NAV), medan læremidlar (til dømes lydbøker og digitale hjelpemidler) er det skulen som syter for. Ytterlegare vurderingar gjer skulen fortløpande gjennom opplæringsløpet saman med føresett og ppt.

### **Kan det seiast noko om kva rutiner som gjeld kring det å ikkje gje karakter i eit eller fleire fag?**

Når ein elev i grunnskolen får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra om eleven skal ha vurdering med eller utan karakter.(Opplæringslova § 3-20)

Foreldre, PPT og skule drøftar saman kva som er til det beste for eleven: Å bli fritatt for karakter (merk: Eleven er IKKJE fritatt for undervisning/opplæring/vurdering), eller å få karakteren 1 / ikkje vurderingsgrunnlag (I.V = 0). Her må kvar elev og kvart fag vurderast, og ein må og sjå på kva programfag på vgs eleven ynskjer å starte på.

### **Kva konsekvensar får eventuelt mangel av karakterar i fag for opptak på vidaregåande skule?**

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Søkjarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. (Opplæringslova § 3-1)

«Dersom eleven er friteken frå opplæring etter § 1-11 eller § 1-12 eller er friteken frå vurdering med karakter etter § 3-20 til § 3-24 (t.d for elevar med rett til spesialundervisning og individuell opplæringsplan etter opplæringslova § 5-1), skal sluttvurderinga som søkjaren er friteken frå, ikkje reknast med i poenga til søkjaren.» (Opplæringslova § 6-21)

### **Oppsummert:**

Alle elevar har rett til vidaregåande opplæring og rett til inntak på eit av dei tre utdanningsprogramma det er søkt på. Rett til inntak gjeld ikkje rett til vald skule, men utdanningsprogram. Sluttvurderinga som søkjaren er friteken frå reknast ikkje med i poenga til søkjaren, og fritak av vurdering med karakter får såleis ikkje konsekvensar for opptak på vidaregåande skule. Dette gjeld søkt fritak, ikkje I.V (= ikkje vurderingsgrunnlag), som har talkarakteren 0.

Elevar som er friteken for karakter kan få kunstig høge konkurransepoeng, då faget/faga der eleven har lågast vurdering ikkje viser i poengutrekninga. Ein må difor sjå på heilskapen og vurdere om eleven har føresetnader til å klare å gjennomføre det utdanningsprogrammet han/ho søker.

## **Spørsmål frå Henning Haugland, Radøy Høgre**

### **Spørsmål 1.**

Kor langt i prosessen er den nye kommunedelsplanen for Bøvågen komen. Ihht vedtatt framdriftsplan skulle den ha vore på 1. gongsbehandling av planforslag på høyring, samt høyring/offentleg ettersyn våren 2017.

Og har omlegging frå områdeplan til kommunedelplan medført, eller vil det medføre større kostnader enn kva dei arkologiske utgravingane var budsjettert med?

### **Spørsmål 2.**

Vil det at den nye kommunedelsplanen ikkje er ferdig medføre problem for utbygging av den nye barnehagen på Bø? Ut i frå det eg kan sjå på braPlan så er det reguleringsplanen frå 1994 som er gjeldande og der er store delar av området avsett til bustad, og den seier lite om infrastrukturen i området.

### **Spørsmål 3.**

Vedr. asfaltering av byggefelt på Manger.

Eg har blitt kontakt av busette i Prestmarka byggefeltet på Manger som fortel at kommunen har godkjent å lage fartsdumpar i Prestmarkvegen gjennom byggefeltet. Medfører det riktighet at dette er kommunen sitt ansvar?

## **SVAR**

1)

Planarbeidet er noko forsinka og planen vil komme på høyring høsten 2017.

Asplan Viak sitt arbeid med funksjonell strandsone-analyse har kosta ca. kr 70 000,- + mva. I tillegg forventar kommunen å måtte nytta noko ekstern kartbistand. Samla vil dette liggje langt under budsjett for kulturminneregisteringar.

2)

Sjølv om kommunedelplan for Bø hadde vore godkjent ville reguleringsplanen frå 1994 framleis gjelde. Sånn som den nye barnehagen på Bø no er planlagt vil det sannsynlegvis krevje regulering. Reguleringsspørsmålet vil oppstå uavhengig av kommunedelplan for Bø.

3)

Prestmarkvegen er kommunal veg og kommunen sitt ansvar. Vegen blir no asfaltert. Fartshumpar er i utgangspunktet ikkje ein del av dette arbeidet.

I trafiksikringsplanen er fartshumpar i Prestmarkvegen prioritert som punkt 6 under handlingsplan for mindre tiltak. Det er sett av 200.000 kr i budsjettet til trafiksikringstiltak. Bruk av midlane er enno ikkje avklart.

## **Spørsmål frå Silje Namtvedt, Radøy SP**

### **Spørsmål 1. Radøy bibliotek**

I budsjettet for 2017 vart det vedteke ei investeringsramme på 1 mill. ved flytting av Radøy bibliotek til ei meir sentral plassering i Manger sentrum som gjer biblioteket meir tilgjengeleg og betre rusta for det eit bibliotek skal vera for innbyggjarane i kommunen. Under ser de Kapittel 1, paragraf 1 av Folkebiblioteklova:

#### **Kapittel I. Folkebibliotekenes formål virksomhet**

##### **§ 1.Målsetting**

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*

*Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.*

*Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.*

*Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.*

Som de ser skal biblioteka vere ein uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Alle partia var før jul einige om at biblioteket må flyttast, for å imøtekomme lova slik ha vart etter 1. januar 2014. Eg har sett at Radøy kommune i lokalavisene lyste etter passende lokaler i Manger til bibliotek.

#### Spørsmål:

Kor står denne saka i dag? Har de fått tilbud om passende lokaler? Føreligg det skriftlege tilbud?

Etter mitt skjønn hasar det å få på plass nye lokaler, då slik situasjonen er pr. i dag ikkje er haldbar for å utvikle biblioteket til det det skal vere i eit framtidsretta lokalsamfunn.

#### **Spørsmål 2. Klasseval ved overgang til ungdomsskolen**

Ved overgangen til ungdomsskolen brukar 7. klassingane på barneskulane å foreta eit val av kven dei ønskjer å gå i klasse med. Nokre får vala sine oppfylt, andre ikkje. Er slike val heldige? Kva er grunngevinga til at ein føretek eit slikt val? Kan slike val vera uheldige og ekskluderande for den eleven som eventuelt ikkje vert valt av nokon?

## **SVAR spørsmål 1: Bibliotek**

Flytting av biblioteket har vore drøfta i formannskapet, og rådmannen har jamleg orientert om status i arbeidet med å finna eigna lokale. Behov for eigna lokale i Manger sentrum har vore lyst ut, og kommunen har mottatt tilbud om leige av lokale. Eventuell lokalisering av biblioteket i rådhuset er under utredning i samband med utredning om bruk av rådhuset og Prestegarden inn i ny kommune. Ogarkitekter har dette oppdraget. Framtidig lokalisering av biblioteket er med dette ikkje avklart. Flytting av bibliotek vil gi ein økonomisk konsekvens, og rådmannen kjem tilbake til saka, når alternativa er meir avklart.

## **SVAR spørsmål 2:**

### **Klasseval ved overgangen til ungdomsskolen:**

Ved overgangen til ungdomsskolen svarer elevane i 7. klasse på ei spørjeundersøking. Eit av spørsmåla der er: Kva tips vil du gje ungdomsskolen når dei skal setje saman dei nye klassane? (skriv og her minimum 3 namn på dei du ønskjer å gå i klasse med).

Elevane skriv såleis namn på minimum tre medelevar dei ønskjer å gå i klasse med. Dette kan vere både elevar frå eigen skule og andre skular i kommunen. Elevane får komme med

ønskje for å bidra til tryggleik og trivsel i overgangen til ny og større skule. Alle elevane får oppfylt i alle fall eit av ønska sine. Spørjeundersøkinga er konfidensiell og ingen andre elevar veit kva dei andre har svart. Vi kan difor ikkje sjå at dette skal vere ekskluderande for enkelte elevar.

Ut i frå desse ønska, samt fleire andre viktige omsyn, set ungdomsskulen saman dei nye 8. klassane.

## Spørsmål frå David Pletten Aasgard, Radøy KrF

Ved inngangen til Radøy legesenter er det i dag en stor, automatisk skyvedør som fører rett inn på venteværelset. Om vinteren er denne ofte stengt på grunn av trekk og mykje kulde, som gjer at ein må nytte seg av den mindre døra ved sidan av. Dessverre fører denne også med seg trekk og kulde inn på venteværelset, og kulden har også samanheng med ikkje tilfredsstillande oppvarming i lokalet. På venteværelset er det mange sjuke og eldre som sit lenge, og blir utsett for nettopp kulde og trekk. Har Radøy kommune planar om å gjere noko for å utbetre dette problemet, som å investere i ein varmluftsport, for å forhindre den kalde lufta i å kome inn, og dermed heller ikkje måtte stenge av hovuedinngangen til bygget?

### SVAR:

Rådmannen eller kommunalsjef har ikkje fått melding om at trekk inn døra er eit problem og dette er derfor ikkje administrativt vurdert. Trekk frå skyvedør er eit vanleg utslag inn i mange bygg og etter opplysningar som no føreligg så vil ikkje dette vere ei administrativt prioritert oppgåve i næraste tid.